

## Dar kjem stansen

Tekst: John Magnus Jota

På sengepost B har dei fått inn ein mann med hjarte som ikkje held takta  
I rykk og i napp går det ille med han - dei ringer på hjartebakvakta

Dar ligg Hansen, gamle Hansen - tak på deg triskona og spring  
Dar ligg Hansen, gamle Hansen - pulsen den er nesten ingen ting

Og til overvakning han kjem i ei fart - på to hjul i svingen dei køyrer  
Dei riv tå han skjorta og dunkar han hardt - alarmer på skjermen dei høyrer

Dar kjem stansen, hjartestansen - tak defibrillatoren og spring  
Dar kjem stansen, hjartestansen - linge linge linge linge linge linge ling

Han er nesten daue men legen veit råd om korleis handtera eit hjarte  
Dei fer innijønå med pacemakertråd og får pumpa nett til å starte

Dar kjem rytmen, hjarterytmen - Hansen han klarar seg nok  
Dar kjem rytmen, hjarterytmen - men ikkje gi meire Selo-Zok

Men Hansen han blei ikkje eldre enn som så - han hadde no tenkt seg på badet  
Men du går ikkje langt med ein pacemakertråd - han gjekk rett i AV-blokkade

Dar gjekk Hansen, gamle Hansen - no står heile hjartepumpa stilt  
Dar gjekk Hansen, gamle Hansen - å detta va sørgjeleg ilt